



VANYLVEN KOMMUNE

Økonomiavdelinga

Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 DEP

0032 Oslo

Saksnr
2007/1304

Løpenr/Arkiv
6696/2007 / 200

Dykkar ref.

Avd/Saksansvarleg
ØKO / TAKHAL

Dato
15.12.2007

Høyringsuttale: Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunane

Vanylven kommune har følgjande kommentarar til Sørheim-utvalet sitt "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunane":

Generelt:

Vanylven kommune meiner at regjeringa og Stortinget har det overordna nasjonale ansvaret for innbyggjarane si velferd, uansett kva kommune dei bur i. Regjeringa og Stortinget har derfor ansvaret for at kommunane sitt inntektssystem legg til rette for at alle innbyggjarane i alle kommunar skal oppleve å få eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Vanylven kommune meiner at Sørheim-utvalet sine konklusjonar og utvalet sitt forslag til nytt overføringssystem i større grad enn noverande system, vil gjere det mulig å få etablert eit slikt likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Skatteandel:

Vidare meiner kommunen at rammetilskotet vert auka på bekostning av skatteinntektene slik at innbyggartilskotet vert auka frå å utgjere ¼ av utgiftsbehovet til å utgjere minst ½ av utgiftsbehovet.

Selskapsskatten:

Vanylven kommune støttar framlegget om at selskapsskatten vert fjerna som kommunal inntekt. Kommunane vert kompensert for bortfall av selskapsskatten ved at kommunane sin del av skatt frå personlege skattytarar vert auka.

Inntektsutjamninga:

Utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalet har foreslått er ikkje tilstrekkeleg til å setje kommunane i stand til å gje alle innbyggjarar i landet eit likeverdig tenestetilbod. Vi foreslår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga vert auka slik at kompensasjonsgrad og trekkprosent blir 75 %. Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet skal som Sørheim-utvalet foreslår, samla kompenseras med 95 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet.

Distriktpolitisk tilskot:

Postadresse:
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

postmottak@vanylven.kommune.no
Telefon:
70030000

Telefaks:
70030009

<http://www.vanylven.kommune.no>
Org.nr
964 978 662

Bankgiro:
3972 07 00151

Vi støttar utvalet si tilråding om å samle regionalpolitiske tiltak i eit distriktspolitisk tilskot og at det distriktspolitiske tilskotet vert kopla til det distriktspolitiske virkemiddelområdet.

Befolkningsoppdatering i inntektssystemet:

Vanylven kommune er samd i at ein endrar datoen frå 1. januar i budsjettåret til 1. juli i året før budsjettåret, som teljedato for fordelinga av innbyggartilskotet og berekning av utgiftsbehov (utgiftsutjamninga).

Skjønsmidler:

Vi støttar utvalet sitt forslag om ei opprydding i skjønsmiddelrama. Kompensasjon for auka sats for arbeidsgivaravgift etter tilbakeføringa av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift bør som no skje via skjønsmidlane.

Med helsing



Hallvard Takset
økonomisjef